



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
10.10.2014	
Ark.saksnr	Løpenr.
Saksh	Tilleggskode

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2014/114005-002

Dykkar referanse:
14/3430

Vår dato:
08.10.2014

Uttale - Dispensasjonssøknad på høyring - gnr. 134 bnr. 14 - Hilland - Lindås kommune

Vi viser til e-post med vedlegg sendt frå dykk 17.09.2014 og uttalefrist 15.10.2014.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå 100-metersbeltet mot sjø, byggegrensa mot fylkesvegen og plankrav i kommuneplanens arealdel i samband med søknad om legalisering av veg. Statens vegvesen uttaler seg om byggegrense langs veg og plankrav.

Kommunen ber også om Statens vegvesen si vurdering av om omsøkt tiltak vil medføre utvida bruk av avkøyrsløp.

Byggegrense langs veg

Den omsøkte vegen på gnr 134 bnr 14 kjem ikkje i direkte konflikt med vegutvidinga som er regulert i Lindås kommune sin plan 1263-25111999 for fv 565 Hilland Alverstraumen. Omsøkt veg på bnr 14 er imidlertid ei vidareføring av veg på gnr 134 bnr 89. På bnr 89 kjem omsøkt veg i konflikt med anna trafikkareal som er naudsynt for vegutvidinga.

Samla sett vil omsøkt veg kunne vanskeleggjere gjennomføringa av reguleringsplanen for utbetring av fylkesveganlegget. Statens vegvesen rår derfor frå at kommunen gjev dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesvegen.

Dispensasjon frå plankrav

Området der vegen er søkt etablert, er vist som eksisterande bustadområde i kommunedelplan for Alverstraumen. Statens vegvesen rår til at eventuell vidare utbygging i dette området vert avklara gjennom ein reguleringsplanprosess. Etablering av lokal tilkomstveg må mellom anna ta omsyn til fylkesvegen.

Utvida bruk av avkøyrsløp

Vi forstår saka som at den gjeld veg over eigedomen gnr 134 bnr 14 fram til parkeringsplass for gnr 134 bnr 15.

I følge brev frå Ing. K. Dømbe, dagsett 07.04.2014, har egedomen hatt denne avkøyrsla heilt sidan ei avkøyrsla lenger nord vart stengd i samband med ny veg til Alversundbrua i 1956.

Det kjem ikkje fram av saka korleis køyrande til egedomen tidlegare har parkert. Etablering av parkeringsplass med plass til fleire bilar enn det som er lovleg etablert, vil etter vår vurdering legge til rette for auka trafikk og krevje søknad om utvida bruk av avkøyrsla. Det same gjeld dersom ny parkeringsplass er tenkt etablert i tillegg til eventuelt tidlegare nytta parkeringsplass. Eventuell tilrettelegging for parkering langs omsøkt veg, vil måtte handsamast tilsvarande som etablering av parkeringsplass med omsyn til eventuell søknad om utvida bruk av avkøyrsla.

Dersom parkeringsplassen også er tenkt som parkeringsplass for bygg/aktivitet på gnr 134 bnr 14, vil det krevje eigen søknad om utvida bruk av avkøyrsla.

Avkøyrsla som omsøkt veg er tenkt tilknytta oppfyller ikkje gjeldande krav til teknisk utforming, og den er sanert i reguleringsplan for fv 565 Hilland Alverstraumen. Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsla.

Konklusjon

Med bakgrunn i vurderingane ovanfrå rår Statens vegvesen frå at det vert gjeve dispensasjon i denne saka.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam